

KONKURRANSESKILDING 8407 – Totalentreprise

Sveio kommunes
konkurranseskildring – del I



Sveio kommune



Open anbodskonkurranse
etter
forskrift om offentlege anskaffingar del I og II
for
anskaffing av

Aktivitetshus Sveio.



Versjonsnr.	Dato	Hovudtrekk endringar	Endra av



INNHALD

1 INNBYDING	4
1.1 Kort om anskaffinga	4
1.2 Kort om oppdragsgivar	4
1.3 Atterhald om løyve og finansiering	4
1.4 Førebels tidsplan for anskaffinga.....	5
2 ANSKAFFINGSPROSEDYRE OG KONKURRANSEREGLAR.....	5
2.1 Anskaffingsprosedyre.....	5
2.2 Konkurransereglar.....	5
2.3 Kunngjering.....	5
2.4 Opning av tilbod	5
3 GRUNNLAG FOR TILBODET	6
3.1 Konkurransesgrunnlagets oppbygning	6
3.2 Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget.....	6
3.3 Synfaring og informasjonsmøte	6
4 KRAV TIL TILBODET	7
4.1 Utforming av tilbodet	7
4.2 Tilbodets innhald	7
4.3 Offentleglova	7
4.4 Levering av tilbodet	7
4.5 Vedståingfrist	8
4.6 Tilbodskostnader.....	8
5 KVALIFIKASJONSKRAV	9
5.1 Generelt	9
5.2 Stadfesting på at kvalifikasjonskrava er oppfylt	9
5.3 Forhold til underleverandørar eller andre samarbeidspartnere	9
5.4 Tilbydars organisatoriske og juridiske stilling	10
5.5 Tilbydars økonomiske og finansielle stilling	10
5.6 Tilbydars tekniske og faglege kapasitet.....	10
6 TILDELINGSKRITERIE	13

1 INNBYDING

1.1 *Kort om anskaffinga*

Det skal reisast eit aktivitetshus i Sveio med dagtilbudsaktivitetar for personar med nedsette fysiske og psykiske funksjonsevner. Utomhusområde tilknytt bygget skal også opparbeidast.

Anskaffinga vil bestå av ein Totalentreprise iht. NS8407, og tilbydar skal levera eit komplett tilbod basert på dette.

Alle fagområder skal dekkast med prosjekteringsansvar av totalentreprenøren.

1.2 *Kort om oppdragsgivar*

Sveio ligg sentralt i Sunnhordland mellom Stavanger og Bergen, og er den sørlegaste kommunen i Vestland fylke. Sveio kommune har mange og varierte tilbod innan privat og offentleg tenesteyting, handel og undervisning, idrett og kultur.

1.3 *Atterhald om løyve og finansiering*

Det er godkjent rammeløyve for tiltaket iht TEK 17. Det vert teke atterhald om finansiering, evt. politisk godkjenning og løyve.



1.4 Førebels tidsplan for anskaffinga

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering Doffin	10.03.2021
Frist for å stille spørsmål	7 dagar før innlevering
Tilbudsfrist	09.04.2021 kl. 12.00
Tilbudsopning	09.04.2021 kl. 12.30
Evaluering og tildeling	7 dagar etter opning
Karenstid	10 dagar etter tildeling
Oppstart innan	Snarast
Vedståingsfrist	120 dagar frå tilbudsfrist.
Overtaking	13. mai 2022

2 ANSKAFFINGSPROSEDYRE OG KONKURRANSEREGLAR

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbuds konkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

All kommunikasjon, herunder spørsmål skal skje i oppdragsgivars konkurransegjennomføringsverktøy. Alle spørsmål og svar vil oppdragsgivar anonymisera og senda til de leverandørane som har meldt si interesse via konkurransegjennomføringsverktøyet. Dersom leverandør oppdager uklarheiter eller feil i konkurransegrunnlaget, skal det stillast spørsmål så snart som mogleg.

2.2 Konkurransereglar

Alle tilbod vil bli evaluert og tilbydar med mest fordelaktig pris vil bli tildelt kontrakten.

2.3 Kunngjering

Konkurransen blir kunngjort i Doffin.

2.4 Opning av tilbod

Opning av tilbod vert gjort elektronisk i Mercell, sjå **1.4 Førebels tidsplan for anskaffinga** for tidspunkt.

3 GRUNNLAG FOR TILBODET

3.1 Konkurransesgrunnlagets oppbygning

Følgende dokument inngår i del I:

- Konkurranseskildring (dette dokumentet).

Følgende dokument inngår i del II:

- Kontraktsgrunnlag med vedlegg

3.2 Spørsmål og svar til konkurransesgrunnlaget

Spørsmål skal stillast skriftleg i Mercell.

Spørsmål vert anonymisert og svart ut skriftleg samstundes til alle som har registrert interesse for konkurransen i Mercell.

3.3 Synfaring og informasjonsmøte

Det blir ikkje avholdt synfaring og informasjonsmøte på byggeplassen. Tilbyder har anledning til å synfare tomte på eiga hand. Viser til Kontraktsgrunnlag del II kapittel A.1 for adresse.

4 KRAV TIL TILBODET

4.1 *Utforming av tilbodet*

Organisering av tilbodsdocumenta

Tilbodet skal organiserast som følgjer:

Nr	Dokumentnamn
1	Tilbudsbrev, med oversikt over underleverandører.
2	Utfylt prisskjema (Vedlegg A).
3	Utfylt egenerklæring (Vedlegg B).
4	Utfylt forpliktelseserklæring (Vedlegg C)
5	Dokumentasjon referanseprosjekt (punkt 5.6).
6	Dokumentasjon CV prosjektleiar og bas (punkt 5.6).
7	Teiepliktig informasjon, sladda versjon av tilbodet.

Språk

Tilbodet skal utformast på norsk.

4.2 *Tilbodets innhald*

Avvik og atterhald

Dersom tilbodet inneheld avvik frå konkurransegrunnlaget skal tilbydar opplyse om dette i tilbudsbrev med grunngjeving og konsekvens.

Vesentlege avvik inneber plikt til å avvise tilbodet etter FOA §9-6 (1) bokstav b.

Alternative tilbod

Det er ikkje tillate med alternative tilbod.

Deltilbod

Det er ikkje tillate å gi inn tilbod på deler av arbeidet.

4.3 *Offentleglova*

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

4.4 *Levering av tilbodet*

Levering

Tilbodet skal leverast elektronisk i Mercell.



Bekreft ønske om å levere tilbud elektronisk i Mercell ved å gå til fanebladet "Gi tilbud", og deretter trykke på knappen "Jeg ønsker å tilby." Dette er kun ment som en indikator på hvorvidt innkjøper kan forvente tilbud eller ikke. Du binder deg ikke som leverandør ved å bekrefte at du ønsker å tilby. Det er ønskelig at tilbyder bekrefter om de ønsker å tilby så raskt som mulig.

Alle tilbud skal leveres elektronisk via Mercell portalen, www.mercell.no innen tilbudsfristen. For sent innkomne tilbud vil bli avvist. (Systemet tillater heller ikke å sende inn tilbud elektronisk via Mercell etter tilbudsfristens utløp.)

Er du ikke bruker hos Mercell, eller har du spørsmål knyttet til funksjonalitet i verktøyet, for eksempel, hvordan du skal gi tilbud, ta kontakt med Mercell Support på tlf: 21 01 88 60 eller på e-post til: support@mercell.com.

Det anbefales at tilbudet leveres i god tid før fristens utløp, f.eks. minimum 1 time før tilbudsfristens utløp.

Skulle det komme tilleggsinformasjon fra oppdragsgiver som fører til at du ønsker å endre tilbudet ditt før tilbudsfristen utgår, kan du gå inn og åpne tilbudet, gjøre eventuelle endringer og levere på nytt helt inntil tilbudsfristen utgår. Det sist leverte tilbudet regnes som det endelige tilbudet.

Under innleveringprosessen kan du bli bedt om en elektronisk signatur for å bekrefte at det er aktuell tilbyder

Innpakning, format og kopiar

Tilbudet skal utformast elektronisk i pdf-format. Prisskjema skal leverast i excel-format.

Tilbudsfrist

Sjå 1.4 Tidsplan for anskaffinga for tilbudsfrist.

4.5 Vedståingfrist

Sjå 1.4 Tidsplan for anskaffinga for vedståingsfrist.

4.6 Tilbodskostnader

Kostnader i samband med utarbeiding og levering av tilbudet og gjennomføring av forhandlingar er leverandøren sin risiko.

5 KVALIFIKASJONSKRAV

5.1 *Generelt*

Entreprenørane må dokumentere at dei har dei kvalifikasjonar som oppdragsgjevar etterspør for å kunne delta i konkurransen. Oppfyljing av dei obligatoriske krava og dei andre kvalifikasjonskrava er altså minimumskrav for å kunne delta i konkurransen, og skal sikre at entreprenørane/leverandørane er eigna til å kunne oppfylle kontraktforpliktingane.

Krava om skatt- og meirverdiavgiftsattest er obligatorisk og ufråvikeleg og følgjer direkte av forskrift om offentlege anskaffingar. Det vert gjort merksam på at oppdraget sin kompleksitet og storleik vil vere retningsgjevande for kvalifikasjonsnivået, men at det gjennomgåande vert kravd sær gode kvalifikasjonar på alle dei etterspurde områder for alle typar oppdrag.

5.2 *Stadfesting på at kvalifikasjonskrava er oppfylt*

Leverandøren skal i tilbods brevet stadfeste at kvalifikasjonskrava i konkurransen, slik desse er angitt i kolonne i tabellen nedanfor, er oppfylt. Dokumentasjon på oppfyljing av kvalifikasjonskrava, trengs ikkje innleverast saman med tilbodet.

Dokumentasjon skal likevel leggest ved der dette er skildra særskilt.

Oppdragsgjevar vil etterspørje dokumentasjon som angitt i kolonne nedanfor frå valte leverandør.

Oppdragsgjevar kan på eitkvart tidspunkt i konkurransen etterspørje dokumentasjon som angitt i kolonne frå alle deltakarar i konkurransen.

5.3 *Forhold til underleverandørar eller andre samarbeidspartnere*

Dersom en leverandør støtter seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava ovanfor skal han dokumentere at han råder over de naudsynte ressursane t.d. ved å legge fram ei stadfesting om å forplikte leveransen frå desse.

Dersom det vert endring av oppgitte underentreprenørar, skal Byggherre godkjenna den nye etter grunngjeving.



5.4 Tilbydars organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<p>Norske selskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> Firmaattest <p>Utanlandske selskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> Godtgjering av at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. <p>Dokumenterast med Eigenerklæring</p>

5.5 Tilbydars økonomiske og finansielle stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
<p>Leverandøren skal ha god økonomisk og finansiell kapasitet relatert til storleik på og risiko i aktuelle kontraktene.</p> <ul style="list-style-type: none"> Leverandøren sin siste årleg omsetnad er minst 1,5 gangar tilbodssum. Kredittverdig 	<ul style="list-style-type: none"> Erklæring om verksemda si omsetjing dei siste to rekneskapsåra. Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapsstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. <p>Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.</p> <p>Dokumenterast med Eigenerklæring</p>
Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgiveravgift og meirverdiavgift.	<ul style="list-style-type: none"> Skatteattest, ikkje eldre enn 6 mnd. <p>Dokumenterast med Eigenerklæring</p>

5.6 Tilbydars tekniske og faglege kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	<p>Skildring av leverandøren sine 2 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om:</p> <ol style="list-style-type: none"> Namn og kontaktinformasjon oppdragsgjevar Prosjektnamn Art, storleik, kostnad og kompleksitet med omsyn til utføring, logistikk og framdrift



Krav	Dokumentasjonskrav
	<p>d) Tidspunkt (frå/til) e) Kva leveransar leverandøren stod for f) Entrepriseform</p> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p> <p>Skal dokumenterast i tilbodet.</p>
Framdrift	<p>Det er ein føresetnad for konkurransen at tilbydar kan overlevera prosjektet iht førebels tidsplan kap 1.4.</p> <p>Dokumenterast med Eigenerklæring</p>
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne.	<p>Oversikt over leverandørens totale bemanning, samt oversikt over årsverk, med kompetanse for spesielle/viktige fagområde for gjennomføring av denne kontrakten.</p> <p>Det skal gjerast greie for korleis leverandøren vil sikra tilstrekkeleg kapasitet for dette oppdraget. Det skal m.a. leggast fram oversikt frå evt underleverandørar, bemanningsplan for oppdraget som viser talet eigne tilsette, innleigde, med meir.</p> <p>Dokumenterast med Eigenerklæring</p>
Forpliktelseserklæring	<p>Dersom Totalentreprenøren er avhengig av kompetanse frå anna foretak, skal dette dokumenterast gjennom forpliktelseserklæring.</p> <p>Skal dokumenterast i tilbodet.</p>
Prosjektleiing og byggeplassansvarleg (bas) skal ha erfaring frå tilsvarande oppdrag	<p>CV prosjektleiar og bas.</p> <p>Skal dokumenterast i tilbodet.</p>
Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring	<p>Ei kortfatta skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetssikring.</p> <p>Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 9001 eller tilsvarande standardar vil det vera tilfredsstillande å leggja fram kopi av gyldig sertifikat</p> <p>Dokumenterast med Eigenerklæring</p>



Krav	Dokumentasjonskrav
<p>Bruk av lærling. Minimum 3% av antall arbeidstimar skal utførast av lærling.</p>	<p>TE skal være godkjent lærlingbedrift.</p> <p>Dokumenterast med Eigenerklæring</p>
<p>Det skal nyttast tilsette med lovlege tilsetjings- og arbeidsvilkår.</p> <p>Bruk av fast tilsette: Minimum 40% av antall arbeidstimar skal utførast av fagarbeidarar.</p> <p>Bruk av faglærde handverkarar</p> <p>Ha profesjonell og etisk forretningsførsel</p> <p>Seriøsitet – eigenrapportering om seriøsitet</p>	<p>Krav gjeld og for underleverandørar.</p> <p>Innleigde arbeidarar som jobbar på kontrakt for Sveio kommune skal lønnast minimum i samsvar med gjeldande tariffar og ha kontraktar som viser at dei er fast tilsette i 100 prosent stilling i bemanningsselskapet.</p> <p>Dokumenterast med Eigenerklæring</p>



6 TILDELINGSKRITERIE

Kriterium	Vekt
Pris Utfylt prisskjema, Vedlegg A, j.f. Del II kontraktsgrunnlaget kap. F. Opsjonar er ikkje med i sum som går til evaluering.	100 %